

Prekenverkstedet



<http://www.israelmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

16. søndag i treeiningstida – 25. september 2022

Preiketekst: Matt 11,16-19

Lesetekst I: Ordspr 9,1-5

Lesetekst II: 1 Kor 1, 18-25

Hamring og jamring – og sann visdom

Me er heilt på tampen av september. I kyrkjeåret har me kome til 16. søndag i treeiningstida. Eller om ein vil – berre tre månadar att til jul!

Etter jødisk kalender er det på denne dagen at nyttår tek til; Rosh Hashana. I deira tradisjon heiter det seg at jorda vart skapt denne dagen. Mange bruker honning til maten denne høgtida. Når man tek ein eplebit og dypper i honning, og seier Shana Tovah!, ønskjer dei kvarandre eit søtt og eit godt nytt år. Då feirer ein Rosh Hashana.

Uroleg tid

Krigen og dramaet i Ukraina har uroa dei fleste av oss, truleg alle. Det same med stoda i land som Nord-Korea, Afghanistan, Myanmar, Syria, Jemen, deler av Etiopia. På tampen av vårsemesteret vart det meldt at det er rundt rekna hundre millionar flyktningar i verda, både slike som reiser vekk frå sitt land, og sånne som vert kalla internflyktningar. Her heime hjå oss sjølve har det også i ganske lang tid vore politisk uro, trass i at pandemien stort sett har sluppe taket. Og me har kunna lesa om sterk uro og spenning i fleire kristelege samanhengar, som Hillsong og Misjonssambandet, til dømes. Til ei viss grad er det nesten slik at teksten denne søndagen summerer alt dette opp for oss, med biletet av trassige born som veldig ofte vil gjera det motsette av det dei vert oppmoda til. Når det vert spelt fløyte for dei, vil dei ikkje dansa. Når ein syng klagesongar, vil dei ikkje sørgja. Samma hur – jamrast og hamrast skal det!

Den jødiske nyttårsfeiringa varer i ti dagar, fram til Yom Kippur, den store forsoningsdagen. I denne tida kan ein stundom sjå menn og kvinner som går til ei elv eller til havet, og vrenger lommane sine for alt av rusk og rask, samtidig som dei les om han som kan kasta alle syndene våre i «glemselens hav»!

Symbolske og talande handlingar. Sjølv sagt veit både dei og me at synda ligg ikkje i lommane våre, men i hjarte, sjel og sinn. Kanskje tekstane i dag om Guds visdom kan få også oss til å tenkja på om me treng ein ny start, ved å gjera opp for det som gjekk galt i tida som ligg bak, og be om nåde for det nye som kjem!?

Har me ikkje noko å læra av jødisk nyttårsfeiring, mon tru?

Sterke kontrastar

Den relativt korte preiketeksten fører oss inn i mange kontrastar; mellom likesæle og visdom, askese og storeting, bryllup og gravferd, leik og alvor, mellom barns og vaksne sin tenkjemåte. Hadde bare folk høyrte på døyparen Johannes eller Jesus, ville mange ha kome til tru og lete seg frelsa. Eg trur mange av oss har tenkt slik. Men me er sikkert også noko naive. Mange lytta faktisk til forkynninga frå dei to. Men noko omvendning vart det ikkje automatisk. Store resultat og vekking vart slett ikkje alltid resultatet. Det er ikkje noko automatikk i at ein klar og sann bodskap fører til eit frelsande møte med Jesus for tilhøyrarane – det gjeld både jødar og heidningar. Samtidig er me trygge på at Guds ord skaper det det nemner, og noko fell alltid i god jord.

Vegryddaren

Det er nettopp liv og virke for døyparen Johannes det handlar om rett framføre vår tekst. Jesus underviser læresveinane om han som var meir enn ein profet. Vegryddaren. Men den minste i himmelriket var større enn han. Han var likevel den Elia som skulle koma. Den som har øyre, høyr, seier Jesus sterkt og klart til sine eigne – og til oss i dag. Når Jesus nemner denne slekta eller ætta, er det sjølv sagt ikkje berre dei som levde akkurat då. Det er menneskeslekta, oss, no det gjeld!

Så får me kanskje både kvar for oss og i samfunn og politikk, forsamling, kyrkje og misjon spørja oss om me er like vrangle som i teksten. Gjer me det motsatte av det me vert oppmoda til? Om me ikkje fysisk sit på torget og ropar til kvarandre, så sit me kanskje både i kafeane på handlesentrene, og i heimane og arbeidsplassane våre – og ikkje minst ved pc-ane våre - og hamrar og jamrar?

Poenget med borna i teksten er nettopp at dei ikkje let seg påvirka av budskapet dei høyrde. Forkynninga nådde ikkje fram. Ho beit ikkje, liksom. I alle fall ser det sånn ut.

Jesus brukar døyparen Johannes som døme på dette. Han var skarp og direkte i forkynninga, og han levde enkelt og spartansk. Men folk sine reaksjonar var at døyparen må ha hatt ei vond

ånd inne i seg. Han var sprø. Med Jesus var det litt motsatt, for han kunne både eta og drikka. Det vil ikkje seia at han var ei festløve, men at han var venn med tollarar og syndarar og gjekk inn i hus og heim til folk av alle lag i samfunnet. Men det var visst også galt. Jesus vart kalla for ein storetar og vindrikkar, venn med tollarar og syndarar.

Jau, det gamle ordet om hamring og jamring ligg solid under denne teksten.

Lesetekstane

Kor frigjerande det er at Jesus så forkynner Guds visdom inn i denne samanhengen. Det løyser ut og løyser opp. Det er noko som står langt over alle våre hamringar og jamringar. Begge lesetekstane er gode døme på bibeltekstar med Guds visdom som tema. Ja, i Bibelen finn me fleire bøker i GT som me kallar for visdomslitteraturen; både Salmane, Job, Ordspråka, Forkynnaren og Høgsongen kan seiast å høyra med til desse. Ordspråka 2,1-6 er eit flott døme. Det same med versa 13-15 i kapitlet etter.

Ordet på grunnspråket som tyder visdom, er eit hokjønnsord. Men djupast sett er det Jesus sjølv som er denne visdommen. Det kjem tydeleg fram at denne visdommen har eksistert hjå Gud frå før skapinga. Den er evig. Eller kanskje kan me seia: Ho er evig.

Det er så flott å lesa om dei vise menn, slik me gjer rundt julehøgtida kvart år. Desse mennene som kom austfrå – me veit ikkje kor mange dei var – var heilt sikkert kloke og forstandige, med kunnskap om mangt og mykje. Men den eigentlege vidsomen, i djupaste forstand, var at dei søkte etter barnet, etter Jesus. Og då dei fann han, bøygde dei seg. Ikkje berre fysisk. Men i sjel og hjarte og sinn. Dei brukte sin visdom til å finna Visdomen. Lat oss alle lika dei!

God helg!

Shana Tovah!

Paul Odland

Pensjonist. Tidlegare misjonsrådgjevar i Den norske israelsmisjon

paul.odland@lyse.net